

Arbeidrapport eldhus Gripen 35/2

27. mai 2018:

Først skifta me ut den rotne eikestokken i eldhusomnen. Dette var eit svært krevjande arbeid, men me fekk det fint til, heldigvis. For å få det til leigde eg 4 dekkestøtter hjå Romarheim AS og lånte to stålbejelkar hjå Johannes Fosse. Me lirka sålbjlkane innunder den rotne eikestokken (sjå foto) og sette dekkestøttene under på kvar side. Dette heldt muren og pipa oppe medan me skifta stokken med ein ny. Ikkje eik denne gongen, men ask. Denne operasjonen gjekk fint, og omnen med pipe er redda!

No når pipa og omnen var sikra, kunne me byrje arbeidet med taket. Me tok forsiktig ned den gamle vingesteinen, slik at me kunne bruke den på det nye taket. Me reiv først det eine taket (på austsida av pipa) og sette opp 2»4 stendere utanpå den gamle tømra, og laga bering til taksperra. Etter at taksperra var komne opp, som måtte spesiallagast eitt og eitt pga den skeive gamle tømra, la me på sutak, og så papp. Endeleg tatt tak!!! Så tok me den vestre delen av huset, og reiv tak og taksperr, og bygde oppatt på same vis som på andre sida. Så lekta me og la på den gamle taksteinen. Så no har den eine enden av huset fått nytt tak med den gamle steinen, og det ser ut som det har vore slik alltid. På den andre sida har me måtta vente litt med å leggje på stein, fordi me måtte rive etasjeskiljet i denne delen av huset. Det vart så vanskeleg å få tak i dragarar i ein slik dimensjon, at me vil lage dei sjølv. Så no skal eg kjøpe ny sag med minisagbruk. Det vert faktisk billigare enn å kjøpe dei dragarane me treng. Dei ville nemleg koste ca 1000 kr pr stk, og me treng mist 10, me må skifte dei til kjellaren under og. (når eg seier me, er det son min Torstein og eg, i tillegg til gode hjelpara som er her av og til)

Det som står att no er å lage og byggje etasjeskilje, leggje golv, leggje på resten av taksteinen, og slå på panel. Så er det litt småplukk med vindauge og dører, og leirfuging av muren i omn og pipe. Men taket er kome opp, og det er tett! Eldhusomnen er reparert, og det gamle eldhuset i Gripen med tømmer frå 1500-talet er redda! Hurra! Me klarte det! Sjølv om det gjenstår litt arbeid som me kjem til å fortsetje med utover sommaren, er det eg søkte om gjort. Første arrangement i eldhuset vert under ullveka i oktober i år, så då må det vere ferdig! :-)

12. desember 2018

Eg kjøpte minisagbruk, og no har me saga mykje ulike materialar på saga. Me laga dei dragarane me ikkje fekk tak i, og har skåre fine bord til kledning. Stort, flott, isolert loft vart ferdig i tide til ullveka, og vart innvigd med ullutstilling. Så hadde me plantefargingskurs, og både eldhuset og eldhusomnen var i bruk. Og i år er pinnekjøttet røykt! Det står att litt før huset er heilt ferdigvølt, men me er i godt driv. Det er alltid pengane som manglar... Og så prøver eg å fa tak i gamle vindauge, gammel takstein og slikt tek tid. Me har uansett jobba enormt mykje allereie, og mange byggjetrinn er ferdige. Og det er gøy, når ein har eiga sag, og hentar tømmer frå eigen skog.

Ferdige byggjetrinn:

1. sikring og sikring og sikring
2. Rivng og sikring
3. Voling av eldhusomn, ny eikestokk (som er av ask denne gongen)
4. Ny konstruksjn utanpå det gamle tømmeret.
5. Ny takkonstruksjon og byggjing av sutak
6. Taklegging, (manglar litt gamal stein enno)

7. Bordkledning, nye (gamle vindauge)
8. Nytt etasjeskilje og golv. Isolasjon og vindsperre
9. Panel, tak og veggar.
10. Dør mellom romma på loftet. Dert synt seg at den lille døra mellom kjøkenet og spiskammerset i huset, som eg henta frå gamlahuset på bruk 1, (skal rivast, dessverre), passa perfekt akkurat her. Så eg fann ei anna dør (også frå bruk 1) til spiskammerset, og flytta litldøra opp på eldhusloftet. Relativt mykje styr for ei dør, men slik gjer me det her. (me er son min og eg)

Det står att litt her og der, men det puslar me på plass etter kvart. Eit par vindauge, og nokre dører. Legge ferdig taksteinen, lage takrenner og bordkle der det manglar. Og rett opp muren. Men det skal verte så fint! 😊